

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.12.2023
SAKSHANDSAMAR: Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus - løypemelding**

ARKIVSAK: 2020/1992

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
19.12.2023

STYRESAK:
087/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Oppsummering

Framdrifta er god, dialogen med Veidekke er god og sluttprognosen er uendra. Det pågår avklaringar knytt til tekniske løysingar for klimastyring av Livabygget, og desse dialogane har ein risikoprofil som ligg innanfor reservemarginen i sluttprognosen.

Ombyggingsprosjektet Svana mini for Svanabygget er prinsipielt definert i omfang, men det går føre seg arbeid for å detaljvklare løysingar for ombygging i plan 0 (null). Prosjektet må ha fokus på å få fram konklusjonar slik at detaljprosjektering og bygging av Svana mini kan gjennomførast i samsvar med overordna planar og målsetjingar.

Det er gjennomført omfattande prosessar for å definere gjenbruk av utstyr, og OU-prosessar har konkretisert driftsmodellane innanfor dei ulike funksjonsområda i Livabygget. Dette har ført til innspel om auka utstyrbehov som må prioriterast saman med øvrig utstyr som Helse Førde har behov for. Det blir viktig å lande prioritering av utstyr på ein god måte slik at det skapar entusiasme for å flytte inn i Livabygget, samstundes som vi finn ein balanse opp mot øvrig økonomisk prioritering i budsjetta til føretaket.

Fakta

Det er laga reviderte planar for gjennomføring med redusert omfang, og dette har tidlegare vore lagt fram for styret i samsvar med følgjande oppstilling:

Endring i rapportering

<i>Vedtekne ramme i 2023-kroner</i>	1975
<i>Utsetjing av Svana 2 og 3 justert for deflator på 3,8 prosent (286-17)*1,038)</i>	-279
<i>Differanse mellom kostnadsindeks og deflator (Liva og Svana 1)</i>	90
<i>Endring og meirforbruk jf. statusrapport sept. 2022</i>	40
<i>Innreiing av dei to siste operasjonsstovene</i>	20
<i>Svana mini</i>	32
<i>Diverse postar</i>	-3
<hr/> <i>Justert ramme Nye Førde sjukehus / sluttprognose utan Svana 2 og 3</i>	<hr/> 1875

Deflator for statsbudsjettet for 2024 er på 4,3 prosent. Justert ramme som Nye Førde sjukehus no arbeider mot blir 1,888 milliardar målt i 2024-kroner.

Kommentarar

Prosjektet går godt. Framdrifta og dialogen med Veidekke er god.

Veidekke arbeider mot eit mål om å ferdigstille Livabygget for overlevering 22. august 2024, og dette er i samsvar med kontrakt.

Livabygget skal vere mekanisk ferdigstilt 7. mars 2024, og prosjektet startar då omfattande testing.

Sluttprognosen for heilskapen i Nye Førde sjukehus er 1,888 milliardar, og dette er i samsvar med det nedskalerte målet som prosjektet arbeider mot.

Det blir no arbeidd med detaljplanlegging av tiltakspakkar i Svana mini, og det er etablert eit kostnadsmål på 32 millionar for følgjande tiltak:

1. Fullføring av obspost i akuttmottak
2. Postkjøkken i plan 4 i Svanabygget
3. Farmasitun i Svanabygget
4. Flytting av medisinsk heimebehandling frå Tefre til plan 0 (null) i Svanabygget
5. Flytting av reinhaldssentral til område for dagens sterilsentral i Svanabygget

Det blir planlagt nedskalering og avvikling av prosjektorganisasjonen til Nye Førde sjukehus fram mot slutten av 2024.

Vedlegg

Månadsrapport for november